

---

# Notat – skal følgjast opp

---

**Til:** Formannskap

**Frå:** Steinar Dalland

UGGDAL, 16.11.2018

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
18/430-15	7194/18	102	TK//STDAL	

---

## **BUDSJETT 2019 - ØKONOMIPLAN 2019 - 2022 OPPFØLGING AV INNSPEL FRÅ FORMANNSKAPET SITT MØTE 13. NOVEMBER 2018**

I samband med formannskapet sitt møte 13. november vart det spelt ut ulike innspel som det var ønskjeleg at administrasjonen gjorde nokre rekneøvingar på før dei vert drøfta vidare.

Rådmannen har gjort ei slik oppsummering av innspela som vart sett fram i møte:

Drift:

Representanten Magnar Solheim gjorde framlegg om å auke med ei stilling som aktivitør for heimebuande og eller institusjon

Representanten Arne Leite gjorde framlegg om å følgja opp tilråding til einingsleiar for institusjon der det er framlegg om å auka med 1,5 årsverk på ettermiddag og 0,5 årsverk til kultur, aktivitet med vidare. Desse to innspela er vurdert samla til to årsverk i vårt reknestykke, dersom det er meininga at dei skal vurderast uavhengig av kvarandre så vil me gjere det.

Representanten Anne Merete Fjeldstad sette fram framlegg om å styrkja frivilligsentralen med 0,5 årsverk.

Forutan desse innspela har me også lagt inn i ein psykolog i 100 % stilling frå og med driftsåret 2020.

Forutan desse er det lagt inn ein årleg reduksjon i leigeinntekter til Tysneshallen på kr. 130.000 for å imøtekoma søknad frå Tysnes IL.

Alle ovannemnde innspel har konsekvensar som går fram i økonomiplanoversikten som er lagt inn under i dette dokumentet.

Forutan ovannemnde har me lagt kr. 200.000 til ein reiselivsplan etter framlegg frå representanten Anne Merete Fjeldstad. Me har også lagt inn kr. 500.000,- som tilskot til E-bryggja. Dei to sistnemnte framlegga er eingongskostnader som vil liggja i 2019, men ikkje føl oss vidare i økonomiplanperioden.

Dei økonomiske storleikane me har nytta er som følgjer:

	Årsverk	Anna	Årleg kostnad
Pleie og omsorg	2		1 200 000
Open omsorg	0,2		150 000
Frivilligsentralen	0,5		250 000
Gratis leige Tysneshallen			130 000
Reiselivsplan 2019		Eingongskos	200 000
Tilskot E-brygge		Eingongskos	500 000
Reduksjon overføring til investering (KLP)			-
			2 430 000
<i>Psykolog frå 2020</i>	<i>1</i>		<i>942 500</i>

#### INVESTERING:

Det kom framlegg om å skyva fram Onarheim skule til 2019, men det er vanskeleg ut frå dei økonomiske føresetnadene i økonomiplanen. Slik økonomiplanen ligg no byggjer denne investeringa på at det vert inntektsført 20 millionar i 2020, i realiteten betyr det at saka no ikkje kan skyvast fram sjølv om det skulle vera mogleg å gjennomføra prosjektet reint teknisk allereie til neste år.

Me har elles lagt til grunn ein økonomiplan inklusive oppdatert mellomtrinn med NOK 101 million utan å ta noko anna i perioden.

**Budsjettvedlegg 3**  
**Økonomisk oversikt - Drift**  
**Tysnes kommune 2019 - 2022**

Tal i 1000 kroner	2019	2020	2021	2022	Oppr. budsjett 2018	Rekneskap 2017
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>						
Brukarbetaling	-12 014	-12 315	-12 622	-12 938	-10 779	-11 450
Andre sals- og leigeinntekter	-21 241	-21 772	-22 316	-22 874	-20 443	-20 639
Overføringer med krav til motytelsar	-27 525	-28 214	-28 919	-29 642	-27 224	-39 324
Rammetilskot frå staten	-107 738	-110 647	-113 634	-116 703	-101 882	-100 062
Andre statlege overf.	-902	-1 000	-1 000	-1 000	-902	-1 194
Andre overføringer	-5	-	-	-	-20	-2 231
Skatt på inntekt og formue	-86 441	-88 775	-91 172	-93 633	-82 993	-83 729
Eigedomsskatt	-10 350	-10 350	-10 350	-10 350	-10 350	-10 302
Andre direkte og indirekte skattar	-	-	-	-	-	-
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-266 217</b>	<b>-273 072</b>	<b>-280 014</b>	<b>-287 140</b>	<b>-254 593</b>	<b>-268 932</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>						
Lønsutgifter	148 095	152 457	156 268	160 175	141 835	141 503
Sosiale kostnader	41 371	42 688	43 755	44 849	38 260	32 759
Kjøp som inngår i kommunal prod.	38 606	39 367	40 351	41 360	37 922	43 880
Kjøp som erstattar eigen prod.	14 518	14 881	15 253	15 634	13 427	12 905
Overføringer	14 153	13 995	14 344	14 703	13 092	13 295
Avskrivningar	11 303	12 000	12 300	13 900	8 111	7 721
Fordelte utgifter	-2 397	-2 457	-2 519	-2 582	-4 045	-2 387
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>265 650</b>	<b>272 930</b>	<b>279 753</b>	<b>288 040</b>	<b>248 602</b>	<b>249 676</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-567</b>	<b>-142</b>	<b>-261</b>	<b>899</b>	<b>-5 991</b>	<b>-19 255</b>
<b>EKSTERNE FINANSINNTEKTER</b>						
Renteinntekter og utbytte	-1 357	-1 000	-1 000	-1 000	-1 366	-1 559
Gevinst Finansielle instrument (omløpsmidler)	-	-	-	-	-	-
Mottekne avdrag på lån	-10	-10	-10	-10	-10	-52
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>-1 367</b>	<b>-1 010</b>	<b>-1 010</b>	<b>-1 010</b>	<b>-1 376</b>	<b>-1 611</b>
<b>EKSTERNE FINANSUTGIFTER</b>						
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	4 249	5 057	6 241	6 510	4 563	3 728
Tap finansielle instrument (omløpsmidler)	-	-	-	-	-	-
Avdragsutgifter	9 144	10 183	10 977	10 984	10 815	11 745
Utlån	10	10	10	10	10	2
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>13 402</b>	<b>15 250</b>	<b>17 228</b>	<b>17 504</b>	<b>15 388</b>	<b>15 474</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>	<b>12 035</b>	<b>14 240</b>	<b>16 218</b>	<b>16 494</b>	<b>14 012</b>	<b>13 863</b>
Motpost avskrivningar	-11 303	-12 000	-12 300	-13 900	-8 111	-7 721
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>164</b>	<b>2 098</b>	<b>3 657</b>	<b>3 493</b>	<b>-90</b>	<b>-13 113</b>
<i>Netto driftsresultat i %</i>	<i>-0,1 %</i>	<i>-0,8 %</i>	<i>-1,3 %</i>	<i>-1,2 %</i>	<i>0,0 %</i>	<i>4,9 %</i>
<b>BRUK AV AVSETNINGER</b>						
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindre forb	-	-	-	-	-	-11 332
Bruk av disposisjonsfond	-855	-800	-800	-	-300	-0
Bruk av bundne fond	-354	-200	-1 000	-200	-1 644	-1 194
<b>Sum bruk av avsetningar</b>	<b>-1 209</b>	<b>-1 000</b>	<b>-1 800</b>	<b>-200</b>	<b>-1 944</b>	<b>-12 525</b>
<b>AVSETNINGER</b>						
Overføring til investeringsrekneskap	850	890	910	920	850	782
Dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	-	-	-	-	-	-
Avsetning disposisjonsfond	1 766	-	-	-	1 069	13 500
Avsetning til bundne driftsfond	859	200	-	900	116	4 004
<b>Sum avsetningar</b>	<b>3 475</b>	<b>1 090</b>	<b>910</b>	<b>1 820</b>	<b>2 035</b>	<b>18 285</b>
<b>Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk</b>	<b>2 430</b>	<b>2 188</b>	<b>2 767</b>	<b>5 113</b>	<b>-0</b>	<b>-7 353</b>

Dersom me gjennomfører endringane slik dei kom fram i formannskapet si førre førehaving ser me vil eit negativt driftsresultat i alle åra i økonomiplanperioden. Dersom me ser på rekneskapsmessig

meir/mindreforbruk så er det kanskje den mest interessante storleiken då me her også har med oss fondsbruk.

Det er peika på ein moglegheit til å nytta meir av inntektene frå havbruksfondet til å betale ned lån. Økonomisjefen har rekna på dette også og funna at teoretisk differanse i drifta om me tar heile havbruksfondet og nyttar til lån så er den på 1,5 mill. Tabellen under viser teoretisk effekt etter om me betaler ned som budsjettert (75%), eller betaler ned inntil 100 %.

Variantar	2019	2020	2021	2022	2023
<b>SUM Alt 1 - (som i budsjett)</b>	2,2	2,5	4,5	4,4	4,3
<b>SUM Alt 2 - 80%</b>	2,4	2,8	4,8	4,7	4,6
<b>SUM Alt 3 - 90%</b>	2,7	3,1	5,4	5,3	5,2
<b>SUM Alt 4 -100%</b>	3,0	3,4	6,0	5,9	5,7
Differanse alt 1 - alt 4	0,8	0,9	1,5	1,5	1,5

Ei utfordring med å budsjettere med at havbruksfondet vert nytta 100 % nedbetaling er at økonomiplanen vert ennå meir utsett for risiko og avhengigheita av havbruksfondet vert ennå større.

Vurdering:

Det er vanskeleg å både leggje opp til ein svært ambisiøs investeringsplan utan å også vera viljug til å halda dei løpande driftsutgiftene nede. Dette er politikk, det må likevel understrekast at økonomiplanen som vert lagt fram skal vera realistisk. Det vil sei at planen gjev eit nokolunde rett bilete av inntekter og utgifter i perioden, det ligg ikkje lenger krav i kommunelova om at budsjettet «skal svare til de utgifter og inntekter som virkelig kan regnes med.» Når planen no viser relative høg underskot bør formannskapet i alle fall nytta godt med tid på å drøfta gjennom handlingsvala ein no legg opp til.

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*

Kopi: Bladet Tysnes